



Det Kongelige Moderniseringsdepartement  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
ARKIVKODE
22 JUNI 2005
SAKSB.
SAKSNR. 200501325-36

Dykkar referanse

Vår referanse  
02/01315Saksbehandlar – Tlf.  
Jostein Overskeld - 52 78 62 48Arkivkode:  
601Dato:  
13.06.2005

## ENDRINGAR I REGELVERKET FOR OFFENTLEGE INNKJØP - UTTALE FRA SAUDA KOMMUNE

Vi viser til departementet sitt høyringsbrev av 6. juni 2005, vedlagt utkast til endringar i "Lov om offentlige anskaffelser" samt ny "forskrift om offentlige anskaffelser".

Ifølgje høyringsbrevet er utgangspunktet mellom anna å implementere eit nytt innkjøpsdirektiv frå EU, å få meir att for offentlege ressursar, samt å forenkle deler av regelverket.

### Sauda kommune har følgjande merknader til dei tilsendte framlegg til lov og forskriftsendringar:

#### 1. Heving av nasjonal terskelverdi frå kr 200 000 til kr 500 000.

Ein ser dette som ei vesentleg forenkling av regelverket.

#### 2. Regler under nasjonal terskelverdi.

Det er gjort framlegg om protokollplikt for alle kjøp over 50 000 kroner. Dette er klart i motstrid med tanken om forenkling og det grepet som blir gjort ved heving av nasjonal terskelverdi. Ei protokollplikt vil føra til meirarbeid og større byråkrati også ved mindre innkjøp ned mot kr 50 000. Det vil kunne føra til at også mindre innkjøp i det offentlege må gjerast av innkjøpspersonell med spesiell kompetanse.

Ein revisjon av lov og forskrift bør være slik at det offentlige kan organisere sin innkjøpsprosess for mindre innkjøp på ein smidigare måte enn dette. Det vi seie at formalkrav til andre kjøp, under terskelverdien, bør haldast på eit absolutt minimum slik at offentleg tilsette på fleire plan på ein enkel måte kan gjennomføre dette.

Det er vidare gjort framlegg om ikkje å innføre kunngjeringsplikt under nasjonal terskelverdi. Vi meiner dette fullt ut er i tråd med ønsket om forenkling av regelverket.

#### 3. Forenkling av reglar – endring av oppbygging av forskrift.

Dette fører til ei forenkling og gjer det lettare å finne fram til det "regelsett" som passar i høve til det aktuelle innkjøp.

#### 4. Innføring av gebyr for brot på lov og forskrift.

Sauda kommune kan nok også sjå behov for å innføre heimel til ilegging av gebyr ved brot på lov/forskrift. Likevel må det være svært uheldig dersom KOFA, som er klageorganet for offentlige innkjøp, rådgivande i tvistesaker og slik sett også eit nøytralt organ for å løyse tvistar, i tillegg skal ha mynde til å ileggje gebyr.

Det er også i dag for mange uklart om KOFA er eit organ for å løysa tvistar eller om det er eit tilsynsorgan. Me er vel heller ikkje sikre på om KOFA er ein nøytral tredjepart eller om det blir motpart i ein tvist. Ein konsekvens av den uklare rolla KOFA har i dag, er at offentlege oppdragsgivarar i stor grad nyttar juridisk bistand i klagesaker.

Sauda kommune meiner vidare at grensa opp mot 15 % av innkjøpsverdi er for høg. Ei slik grense vil ramme hardast små kommunar med svak økonomi – kommunar som ikkje kan opprette eigne stillingar som innkjøpsansvarlege.


For å sikre seg mot slike gebyr, vil nok mange kommunar i større grad enn før, bruke ressursar til å engasjere rådgivarar, juristar, og liknande.


#### 5. Klager.

Det kan få svært uheldige utslag at einkvar, sjølv om han ikkje er part i saka, kan klage på vedtak. Med tanke på den store ressursbruken som er naudsynt ved behandling av klager, bør denne retten berre gjelde dei som er parter i ei sak.

Framlegget om at det ikkje lenge er gebyr for å fremma klage, vil også kunna få uheldige utslag. Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at ein part vil kunne ha interesse av å fremma ei klage av reint forretningsmessige grunnar, sjølv om det ikkje er grunnlag av formelle eller saksbehandlingsmessige årsaker. Gebyret for klage til KOFA bør difor hevast frå kr. 855,- til kr. 20.000,-, men der klagar blir gitt høve til å søke om tilbakebetaling av gebyret i dei tilfelle der innkjøpar har gjort feil og klagar får medhald hos KOFA.

Med helsing  
SAUDA KOMMUNE

  
Nils Moldøyen  
rådmann

  
Jostein Overskeid  
plan og utvikling